



Til:	Kultur Siv Torvik, Mo oppvekstsenter Lene Moen, Surnadal barne og ungdomsskule Grunde Walseth, Oppvekst Gro Kvammen Sæter
Kopi til:	Personal og stab Anne Lise With Vullum
Fra:	Kenneth Bergstad Oppvekst

Vår ref.
25/01406-121

Dato
13.03.2026

Høyringsnotat - offentlig høyring. Innfasing av Mo skule i Surnadal barne- og ungdomsskule (Subus)

Kommunedirektøren har vald å sende ut saksutredninga kring eventuell innfasing av Mo skule i Subus ut på høyring.

Målgruppe: Målgruppe for høyringa er barn og unge gjennom elevråd og ungdomsråd og foreldre gjennom FAU og SU. I tillegg vil høyringa bli lagt ut på heimesida til kommunen. På den måten vil høyringa vere open for alle som ynskjer å kome med innspel.

Informasjon kring høyringa: Høyringa er open for alle som ønskjer å kome med innspel. Særleg vekt blir lagt på barn og unge sine stemmer, gjennom høyringar i elevråd, ungdomsråd og samarbeidsutvala (SU/SSU). Dialogforum vert gjennomført ved Mo skule og ved Subus i løpet av høyringsrunden.

Einingsleiar ved skular og barnehagar vidaresender høyringsnotatet med vedlegg til foreldras arbeidsutval (FAU), samarbeidsutval (SU), tillitsvalde og verneombod ved Subus og Mo oppvekstsenter. Einingsleiar ved dei enkelte skulane sørgjer for at det vert kalla inn til møte i barnehagens samarbeidsutval (SU) og at medlemmane får saka med vedlegg utsendt på førehand. Ein ber om skriftleg tilbakemelding frå utvala det gjeld. Andre som ønskjer det, kan også kome med uttale. Uttale sendes på epost til post@surnadal.kommune.no

Frist for å sende inn høyringsinnspel er 24.04.26.

Surnadal kommune vil vurdere alle innspel som kjem inn i høyringsperioden.

Vidare saksgang:

Kommunestyret gjer endeleg vedtak om eventuelle tiltak i oppvekstsektoren på eit ekstraordinært kommunestyremøte i mai 2026. Vedtaket dannar grunnlag for vidare arbeid saman med dei det gjeld; elevar, tilsette med fleire. Endringar i forskrift knytt til skulekretsar vert gjort i etterkant av eit eventuelt vedtak.

Postadresse

E-post

post@surnadal.kommune.no

Besøksadresse

<https://www.surnadal.kommune.no>

Telefon

+47 71 65 58 00

Org.nr

964 981 892